

Prosessplan for temaplan bibliotek i Levanger

1. BAKGRUNN

Kommunedelplan kultur 2015-2022 (kommunestyresak slår fast at det skal lagast ein temaplan for bibliotek i Levanger inkl. utgreiing om utvida opningstid.

2. MÅL/MANDAT FOR PROSESSEN

Det skal utarbeidast temaplan for bibliotek 2018-2023.

Desse punkta står om bibliotek i kommunedelplan kultur 2015-2022:

Under strategi 1, kultur som innsatsfaktor:

«Utredning: Utvikle biblioteket til et opplevelses- og kunnskapssenter med rom for opplevelse, leik, læring og vitenskap i partnerskap med ulike aktører.

Utvikle biblioteket vidare som møteplass og debattarena.»

I «Målbilde 2030» i Kommunedelplan kultur står dette:

«Biblioteket har en forsterket rolle i kunnskapssamfunnet, bla gjennom sin rolle som litteraturformidler, kultur- og debattarena, sin kompetanse i å tilrettelegge for bruk av en stadig økende mengde informasjon og kilder til kunnskap og opplevelser. Det er et omfattende samarbeid mellom biblioteket, barnehager og skoler i forhold til kunnskapsformidling og læring. Ny teknologi benyttes i stor grad til bibliotekets formidling av opplevelser og kunnskap. Biblioteket har aktiviteter som blant annet gir mulighet for eksperimenter i naturvitenskap, teknikk og matematikk. Biblioteket tilbyr også utstyr og teknologi som innbyggerne kan disponere for å tilegne seg kunnskap eller for å skape og formidle ulike former for kulturuttrykk. [...] Biblioteket fungerer som møteplass og samfunnsarena for integrering mellom generasjoner og inkludering av nye landsmenn.»

I kommunestyret 27.1.2016 vart det i tillegg vedteke at «Det gjøres en mulighetsstudie for Festiviteten og for Jernbanegata 16/18 (biblioteket).» Denne er gjennomført i januar 2017.

Folkebibliotektenesta skal rette seg mot alle i kommunen, og er del av eit regionalt og nasjonalt nettverk som skal dekkje behov for både kompetanse, kultur og underholdning. Difor bør temaplanen ha eit breitt nedslagsfelt, men ende opp i nokre klare prioriteringar for utviklinga vidare.

I gjeldande budsjett og økonomiplan (2017-2020) står dette:

| Strategier i Kommuneplanens samfunnsdel | | | Tiltak | Kostnad mill. kr. | | | | Finansiering av helårsvirkning mill. kr. | | |
|---|--|---------------------------------------|--|----------------------|------|------|------|--|-------------------------|----------------------|
| Sikre et bærekraftig samfunn | Prioritere en god start og mestring hele livet | Skape rause og robuste livsmiljøer | | 2017 Lagt i ramma | 2018 | 2019 | 2020 | Omstilling drift | Ekstern finansiering | Økt budsjettramme |
| | | | <ul style="list-style-type: none"> Beskrivelser ligger i lenket dokument på s. 2 Tiltak det ikke er funnet rom for i økonomiplan 2017-2020 er merket med gult. | | | | | | | |
| Samfunn: Kultur | | | | | | | | | | |
| | | | Utredning: Utvikle biblioteket til et opplevelses- og kunnskapssenter med rom for opplevelse, leik, læring og vitenskap i partnerskap med ulike aktører. | X | X | X | | X | | |
| | | | Utvikle biblioteket vidare som møteplass og debattarena (del av temaplan). | X | X | X | X | X | X | |
| | | | Innføre meråpent bibliotek | X | X | X | X | X | | |

2.1 ORGANISERING (ORGANISASJONSKART)

Biblioteksjefen er prosessleiar, og skal kalle inn til møte, organisere medverknadsprosessen, skrive utkast til plan og samle kjelder/dokumentasjon i planprosessen.

Arbeidsgruppa vil fungere som diskusjonsforum. I tillegg vil ressursgruppa og eksterne inviterast på møte med enkelte tema.

3. ANSVAR OG ROLLER

3.1 Prosesseigar: Kommunalsjef Samfunn Unni Storstad

Ansvar: Skal godkjenne prosessplanen og leggje premissar for revideringsprosessen. Skal haldast orientert gjennom minst to møte i prosessperioden. Skal godkjenne framlegg til temaplan bibliotek føre politisk behandling.

Prosessansvarleg: Kultursjef Guri Marjane Sivertsen

Ansvar: Har det totale prosessansvaret. Tek initiativ til å endre retninga på eller avbryte prosessen om det er naudsynt. Avgjer spørsmål når ein kjem til avgjerdspunkt. Økonomisk ansvarleg. Ser etter at framdriftsplanen blir følgd. Er ein aktiv støttespelar for prosessleiar.

Prosessleiar: Biblioteksjef Vidar Lund

Ansvar: Har det daglege prosessansvaret. Kallar inn til møte i arbeidsgruppa, og har ansvar for at det blir skrive referat som sikrar framdrifta. Følgjer opp avgjerder som blir tekne av prosessansvarleg og arbeidsgruppa. Justerer prosessplanen når det trengst. Ser til at prosessen utviklar seg i tråd med prosessplanen, og melder ev. avvik til prosessansvarleg.

Arbeidsgruppe:

Ansvar: Bidreg til framdrifta i prosessen i nært samarbeid med prosessleiar. Bidreg til forankring og deltaking innan eige område. Følgjer opp framdrifta på prosessen og eventuelle endringar som oppstår undervegs. Er støttespelarar og rådgjevarar for prosessleiar og –ansvarleg. Gir råd i problemstillingar som prosessleiar tek opp.

Ressursgruppe:

Ansvar: Er ressurs for arbeidsgruppa når det trengst innhenting av kunnskap og erfaringar på breiare basis. Er kopimottakarar undervegs i prosessen slik at dei kan kommentere og gje innspel utan å bli direkte involvert i fleire møte.

| Arbeidsgruppe | Ressursgruppe |
|--|--|
| Biblioteket v/ Vidar Lund (prosessleiar) | Biblioteket v/ personalmøtet |
| Oppvekst v/ Hartvik Eliasson | Biblioteksjef i Verdal, Bodil Breivikås |
| Biblioteket v/ Siri Okkenhaug Bævre | Fylkesbiblioteket v/ Kristin Storvig |
| Folkehelsekoordinator Dina von Heimburg | Skulebibliotekarane v/ Aud Graadal |
| Kultureininga v/ Trine Walleraunet | Rektorkollegiet v/ Torje Munkeby |
| Skulebiblioteka v/ Nina Stjernen | Utviklingsstaben v/ Berit Hakkebo? |
| Levanger Historielag v/ Hågen Ven? | Barnehagestyrarane v/ Kari Olafsen Aunet |
| | Levanger ungdomsråd v/ ? |
| | Levanger seniorråd v/ Arne Solem |
| | Rådet for likestilling av funksjonshemma v/ Guro Skjetne |

| Arbeidsgruppe | Ressursgruppe |
|---------------|---|
| | Bygg og eigedom v/ Håvard Heistad? |
| | Heimetenestene v/ Lars Kverkild |
| | Institusjonstenestene v/ Jørgen Worum? |
| | Driftskomiteén v/ Ina Kollerud Pedersen |
| | Tillitsvalde v/ |
| | Leira mottak v/ Lene Emilsen |
| | Vaksenopplæringa v/ Rune Leirset |
| | Kulturskulen v/ Oddbjørn Hagen |
| | Frivillige organisasjonar v/ LRK: ny leiar blir valt 2.3. |
| | Frivillige organisasjonar v/ LUS: Annikken Kjær Haraldsen |
| | Nord universitet v/ Jorun Fallin |
| | Frivilligsentralen v/ Åse Saltvik |
| | Levanger Næringsforum v/ Svein Kvarving |
| | Innherred Seniorforum v/ Erik Stai |

4. RISIKOVURDERING OG KVALITETSSIKRING

Prosessplanlegging

Prosessplanen skal vera godkjent av prosesseigar og prosessansvarleg før oppstart.

Rapportering

Prinsippet om avviksrapportering opp mot godkjent prosessplan blir praktisert for alle ansvarsledd. Rapportering skjer skriftleg til prosessansvarleg.

Kritiske suksessfaktorar for prosessen

| | Kritisk suksessfaktor | Tiltak |
|--|--|--|
| | Ein klarer å engasjere brukarar og andre innbyggjarar i prosessen. | <ul style="list-style-type: none"> a) Innbyggjarinnspel via nett og på biblioteket b) Opne temamøte/idédugnader på biblioteket. c) Invitere seg ut på møte med andre aktørar. |
| | Ein hentar røynsler og inspirasjon frå andre bibliotek og gjer dei relevante for Levanger. | <ul style="list-style-type: none"> d) Studietur for arbeidsgruppa og personalet. e) Idédugnad med innspel frå andre bibliotek som har vore gjennom utviklingsprosessar. |

| | Kritisk suksessfaktor | Tiltak |
|--|---|--|
| | Prosesen fører til endringar i bibliotektenesta i Levanger. | <p>f) Dei tilsette blir dregne inn i prosessen både gjennom personalmøte, ressursgruppa og deltakarar på idédugnader.</p> <p>g) Planen blir laga på eit tidspunkt som gjer det mogleg å inkludere konsekvensane i økonomiplanen.</p> |

5. GJENNOMFØRING

Milepælar

| Når | Milepæl | Ansvar |
|----------------|--|---------------------------------------|
| Februar 2017 | Sak til driftskomiteén med oppnemning av representant | Prosessleiar |
| Mars 2017 | Oppstartmøte med arbeidsgruppa og ressursgruppa samla. | Prosessleiar |
| Mars-mai 2017 | Innbyggjarinnspel | Prosessleiar/arbeidsgruppe |
| Mars-mai 2017 | Involvering/idédugnad | Prosessleiar/arbeidsgruppe |
| April 2017 | Studietur til Trondheim | Prosessleiar/arbeidsgruppe/personalet |
| Juni 2017 | Utkast til temaplan blir ferdigstilt og lagt ut på høyring | Prosessleiar/arbeidsgruppe |
| September 2017 | Temaplanen blir vedteken av driftskomiteén | |

Møteplan i prosessen

Her vil det koma endringar undervegs, dei blir avgjorde av prosessansvarleg.

| Dato | Klokka | Stad | Tema |
|------------------|--------|-------------------|---|
| 15.2.2017 | | Formannskapssalen | Driftskomiteen: Utnemning av person til ressursgruppa |
| Midten av mars | | Gullista | Oppstartmøte for arbeidsgruppa og ressursgruppa |
| Slutten av mars | | Biblioteket | Møte i arbeidsgruppa |
| Midten av april | | Biblioteket | Idédugnad med kafébordmetoden |
| Slutten av april | | Biblioteket | Møte i arbeidsgruppa m/ studietur til Trondheim |
| Starten av mai | | Biblioteket | Møte i arbeidsgruppa |
| Midten av mai | | Gullista | Møte med ressursgruppa |
| 14. juni | | Formannskapssalen | Driftskomiteén, legg planen ut på høyring |
| 13. september | | Formannskapssalen | Driftskomiteén, vedtek planen. |

Prosessplan godkjent

2.3.2017

Unni Storstad
Prosesseigar

Guri Marjane Sivertsen
Prosessansvarleg